



**Referat med avtaler frå oppstartsmøte  
mellan Solund kommune og Vestland  
fylkeskommune – detaljregulering for fv.  
5591 Rørdalsfjord Bru**

**Dato: 11. mars.2024**

**Tilknytt prosess: Utarbeide reguleringsplan**

## Plan: Fv. 5591 Rørdalsfjord Bru i Solund kommune

### 1. Deltakarar

Deltakarar på oppstartsmøte.

Deltakarar frå Vestland fylkeskommune	Deltakarar frå Solund kommune
Kari Seim (planleggingsleiar) VLFK	Kjartan Nyhammer
Lomita Gebremicheal (vegplanleggjar) VLFK	Anne Kristine Dyrdal
Aleksander Øren VLFK	
Helge Jostein Follevåg (prosjektleiar Utbygging VLFK)	
Kari-Anne Kirsebom Strandman (oppdragsleiar Norconsult)	
Ane Marie Gjerland (Planarbeidet - Norconsult)	

### 2. Partar

Formelle partar og namn på kontaktpersonar.

	Vestland fylkeskommune	Solund kommune
Adresse:	Postboks 7900	Hardbakke 26
Postnummer:	5020 Bergen	6924 Hardbakke
E-post:	<a href="mailto:post@vlfk.no">post@vlfk.no</a>	<a href="mailto:post@solund.kommune.no">post@solund.kommune.no</a>

Kontaktperson i Vestland fylkeskommune	Kontaktperson i Solund kommune
Namn: Kari Seim	Namn: Kjartan Nyhammer
Mobil: 95224707	Mobil: 95917471
E-post: <a href="mailto:kari.seim@vlfk.no">kari.seim@vlfk.no</a>	E-post: <a href="mailto:Kjartan.Nyhammer@solund.kommune.no">Kjartan.Nyhammer@solund.kommune.no</a>

### 3. Bakgrunn og mål for planarbeidet

Kort omtale av bakgrunn og mål med planarbeidet.

Bakgrunn	Vestland Fylkeskommune skal utarbeide reguleringsplan for ny bru over Rørdalsfjord i Solund kommune. Når det nye brusambandet over Ytre Steinsund står klart i 2026 vil all trafikk til og fra Ytre Sula bli flytta lengre sør på øya, og leia inn på dagens fv. 5591 Nåravegen. På denne strekninga ligg Rørdalsfjord bru. Brua kom til Solund frå Førde i 1964. Der hadde den kryssa elva Jølstra sidan 1925. Då bruva vart erstatta av ei betongbru, det som i dag vert kalla Langebrua, vart den gamle stålbruva flytta til Rørdalsfjorden i Solund og tatt i bruk der. Med åra har bruva blitt ein flaskehals, sidan den har avgrensingar både når det kjem til høgde og aksellast. Desse avgrensingane kan bli skjerpa inn ytterlegare i åra som kjem. I tillegg viser inspeksjonar at bruva har eit stort vedlikehaldsetterslep, med omfattande korrosjon på stålet, i tillegg til skader på bærebjelkane etter fleire påkøyrlar. Det skal planleggast ny bru over Rørdalsfjorden, sør for eksisterande bru. Den nye bruva skal byggast etter dagens standard, og tilpassast eksisterande vegnett.  Det er ikkje gjennomført utgreiingar eller anna arbeid i forkant av planinitiativet. I samband med oppstart vert da utarbeida ein mulighetsstudie for alternativ kryssingspunkt for å vurdere konsekvensar og kostnadar ved tiltaket. Nåravegen er smal med få møtepunkt. Ei ny bru vil gi verdiskaping for samfunnet ved å gjere vegstrekninga meir trafikksikker og framkommeleg for alle typar køyretøy, utan dagens begrensingar.
Mål	Det overordna målet med planarbeidet, er å gjere vegstrekninga meir trafikksikker og framkommeleg for alle typar køyretøy, som vil gje meir verdiskaping for samfunnet, både lokalt på Ytre Sula og for Solund som kommune. Primærkriterium: Dagens bru legg begrensingar på transport på strekninga, og denne utfordringa vil bli ytterlegare aktualisert når all trafikk til Ytre Sula skal leia inn på Rørdalsfjord bru. For å oppnå full effekt av den nye bruva over Ytre Steinsund, må bruva over Rørdalsfjorden vere i stand til å ta i mot trafikk frå det nye sambandet. Ein ny bru med dagens standard, utan avgrensingar på aksellast og høgde, vil sikre trafikktryggleik og framkomst på Ytre Sula, spesielt for tungtrafikk. Prosjektet vil bidra til å betre framkomstforholda for næring og busetnad på Ytre Sula.


## 4. Plan

Planområde-avgrensing	Sjå vedlagd kart.	X
Plan_ID	Informasjon kjem frå Solund kommune	
Namn på planen	Forslag: reguleringsplan for fv. 5591 Rørdalsfjord Bru	
Plantype* (i samsvar med plan- og bygningslova)	Kommunedelplan	
	Områderegulering utan konsekvensutgreiing	
	Områderegulering med konsekvensutgreiing	
	Områderegulering med planprogram og konsekvensutgreiing	
	Detaljregulering utan konsekvensutgreiing	X
	Detaljregulering med konsekvensutgreiing	
	Detaljregulering med planprogram og konsekvensutgreiing	
	Mindre endring	


\*Avklaring av plantype skal bygge på ei vurdering av planen/tiltaket etter KU-forskriften (pkt. 5)

## 5. Førebels vurdering av KU-krav

Sjå vedlegg: Vurdering av konsekvensutgreiing for fv. Rørdalsfjord Bru.

## 6. Rammer for planarbeidet

Investeringsrammer for prosjektet (frå overordna dokument o.a.)	Bruprosjektet har ei samla løying på 72,8 mill. kr basert på førebels anslag presentert i Regional transportplan (2023)
Rammer/krav/standard som er gitt for det fysiske tiltaket.	Vurder standard i samsvar med N100 og andre normalar og andre føringer som er gitt for planarbeidet.
Planstatus i planområdet/føringer.	<u>Kommuneplanens arealdel:</u> Kommuneplanen sin arealdel gjeld for perioden 2020–2032. Utsnitt av arealdelen for strekninga Rørdalsfjord Bru – fv. 5591 Nåravegen er vist i Figur 1. Det er arealføremål LNFR som dominerer i planen. Det er elles nokre mindre område for Næringsbebyggelse, fiske/akvakultur og hamneområde i sjø lengre ut i Rørdalsfjorden.



Figur 1: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel for perioden 2020–2032.


### Reguleringsplanar

Er det pågående planaktivitet i plan- og influensområdet? Og i så fall, gir desse nokre føringar? – Nei. Ingen pågående planarbeid innanfor planområdet eller i influensområdet.

Er det planar om å starte opp planarbeid i plan- og influensområdet? Om så, kva? Nei

Det er ikke gjeldande reguleringsplanar innanfor, eller som grenser inn mot planområdet i dag.

Aust for planområdet er endelig vedtekt reguleringsplan for Fv. 606 Ytre Steinsund Bru, ikrafttredelsesdato 19.12.2017, Plan-ID: 201702.



Figur 2: Ved varsel om oppstart av planarbeidet omfatta planen dette området.

	<p><u>Andre lovverk:</u></p> <p>Tilsvarande vurdering må gjerast for andre lovverk (konsesjonslover/tillatelser o.a. som gir føringer på arealbruk) som for plan - og bygningslova.</p>
--	---

## 7. Tema og avgrensingar av planarbeidet

Kapittelet omhandlar avgjerdss relevante utgreiingar, analysar og tema som må vurderast som ein del av planarbeidet. Gi eventuelle føringer, avgrensingar, konkretiser om det er konsekvensutgreiing eller ikkje (sjå pkt. 5, avgrens her ev. tema for KU).

Utgreiingar og analysar. (Lista er ikkje uttømmende).	
FN sine berekraftsmål	Vurdering i planomtalen av berekraftsmål som er relevant i prosjektet
Landskapsbilete	<p>Landskapsbiletet og influensområda for alternativa, vurderast og analyserast. Avbøtande tiltak skal vurderast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ei enkel landskapsanalyse med vurdering av karakter og verdi innanfor plan- og influensområdet.</li> <li>- Vurdering av nær- og fjernverknad av veganlegget, inkludert brukonstruksjonar og plassering av eventuelle massar, samt utfylling i sjø.</li> <li>- Arkitektoniske vurderingar av brua</li> </ul>
Naturmangfald	<p>Registreringar av tiltaksområda med tanke på både sårbare og framande, skadelege artar og naturtypar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktuelle funn skal registrerast i nasjonale databasar. Dette gjeld i hovudsak dersom det er grunnlag for nye naturtyperegistreringar, eller ev. oppdatering av eksisterande, i Naturbase, og registrering av raudlista, regionale sjeldne eller svartelista artar i Artsobservasjonar/Artskart.</li> <li>• Val av løysingar som tek omsyn til naturmangfald – avbøtande tiltak</li> <li>. reglane i naturmangfaldlova skal følgast opp.</li> <li>• Skaffe oversikt over aktuelle tema og tiltak for naturmangfald som er viktig å vidareføre i YM-planen. Hubro observert utanfor planområdet skal kartleggast i samband med reguleringsplanarbeidet.</li> </ul>
Kulturarv	<p>Sikre kulturminneinteressene i planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Omtale temaet kulturmiljø i planskildring og reguleringsføresegner.</li> <li>• Oppfølging dersom krav om arkeologiske undersøkingar/utgraving</li> </ul>
Friluftsliv/by- og bygdeliv	Utgreiing i samband med planskildringa og ytre miljø. Friluftsliv skal kartleggjast.

Naturressursar	Utgreiing i samband med planskildringa og ytre miljø.
Grunntilhøve, skred, flaum (geoteknikk, forureina grunn mv.)	Grunnundersøkingar vert gjennomført, eigen rapport
Massehandtering/handsaming av overskotsmassar og andre tema knytt til gjennomføring	<p>Det vert teke sikte på best mogleg massebalanse. Ønskjeleg med riggområde sentralt i området, som kan gis ein etterbruk, til dømes rastepllass, parkering i forbindelse med friluftsliv (følgjast opp i planprosessen). Byggeareal, vurderast i planprosessen med kommune og grunneigarar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vedlikehald/Punktutbetringer i samband med reguleringsplanarbeidet ble diskutert på møtet og følgjast opp som del av planarbeidet.</li> </ul>
Klimatilpassing	<ul style="list-style-type: none"> <li>o Overvatn og drenering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avklare behov for VA-rammeplan for strekninga</li> <li>• gjennomføre hydrologiske analyser/rapport av nedbørssfelt og eventuelle bekkeløp tilknytt planområdet</li> <li>• gjennomføre kartleggingsarbeid og planlegging etter krav i handbok N200 Vegbygging</li> <li>• utarbeide fagmodellar og teikningar tilhøyrande fagområdet</li> <li>• omtale fagtema i planomtale og føresegner</li> </ul> </li> <li>o Flaumsonekartlegging og havnivåstigning (hydrologisk rapport) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utgreia flaumfare i samsvar med retningslinjer frå NVE, for å vurdera og dokumentera om området tilfredsstiller gjeldande krav.</li> </ul> </li> </ul>
Ingeniørgeologi	Eigen rapport
Samfunnstryggleik (Risiko- og sårbarheitsanalyse)	Eigen rapport i tråd med krava i plan- og bygningslova. Anleggsfasen vil vere viktige tema.
Støy	Støysonekart blir utarbeida i tråd med gjeldande krav.
Trafikktryggleik	Blir vurdert ved utforming av tiltaket. Sjekkliste i tillegg til vurdering i planomtalen.
Trafikale tilhøve	Trafikkavvikling i anleggsfasen må vurderast
Arealbruksendringar og andre regionale og lokale verknader	Plankart og planomtale
Nytte-/kostnad	Val av trase (moglegheitsstudie). Det vert gjennomført eit kostnadsanslag i samband med planprosessen som grunnlag for investeringsbudsjettet.

Teknisk infrastruktur - oversikt over: (Lista er ikkje uttømmande)	
Vatn- og avløp	Lite aktuelt. Private anlegg (hytte på gnr./bnr. 12/9 og gnr./bnr. 10/1-2)
Straum	Vurderast i samarbeid med netteigar. Nærliggende flytebrygge, er kobla på straumnettet.

Fiber	Vurderast i samarbeid med netteigar.
Høgspent	Vurderast i samarbeid med netteigar
Tele	Vurderast i samarbeid med netteigar

## 8. Ansvarsfordeling – Planhandsaming

Avklaring av ansvars- og rollefordeling mellom Vestland fylkeskommune og Solund kommunen i planarbeidet. (Kven gjer kva og heimel for planarbeidet: Plan- og bygningslova (PBL) § 3–7 eller §11/12 på vanleg vis).

Aktivitet	Vestland fylkeskommune	Solund kommune
Arbeidsopplegg for å sikre informasjon og medverknad gjennom planprosessen	x	x
Vedtak planoppstart Solund kommune		x
Varsel om planstart, kunngjering i avis	x	
Varsel om planstart, brev til berørte og offentlege instansar. Solund bidreg med aktuelle lokale høyningspartar som skal varslast.	x	
Utarbeiding av planprogram (ikkje aktuelt)		
Høyring av planprogram (ikkje aktuelt)		
Informasjonstiltak – Varsel om planstart. Gjennomførast hausten 2024.	x	x
Utarbeide planutkast	x	
Utarbeide konsekvensutgreiing/utvalde rapportar	x	
Kunngjering av høyring og offentleg ettersyn av planutkastet	x	x
Planutkast blir gjort tilgjengeleg på <a href="http://www.vlfk.no">www.vlfk.no</a> og <a href="http://www.solund.kommune.no">www.solund.kommune.no</a>	x	x
Sende planutkastet på høyring og offentleg ettersyn til grunneigarar, andre offentlege etatar og interessentar.	x	
Informasjonstiltak – Høyring og offentleg ettersyn av planutkast.	x	
Merknadshandsaming etter høyring og offentleg ettersyn av planutkast	x	x
Justering av planutkast etter høyring og offentleg ettersyn.	x	
Kunngjere og varsle planvedtak	x	x

## Avklaringar:

- Kommunal deltaking i planprosessen. Solund kommune skal orienterast undervegs, og ved behov deltek i prosjektgruppe eller liknande.
- Involvering av leing i kommunen, administrativt og politisk. Kontaktperson i kommunen sitt ansvar å sørge for dette. VLFK kan bidra ved behov.
- Involvering av andre etatar eller spesielt viktige grupperingar. Solund bidreg med avklaringar og sikrar involvering.

## 9. Framdriftsplan

Dato for oppstartsmøtet	Mars 2024
Varsel om oppstart av planarbeid/planprogram	April–mai 2024
Oversending av planprogram (ikkje aktuelt)	
Fastsett planprogram (ikkje aktuelt)	
Høyring og offentleg ettersyn av planutkast	Juni/August 2025
Oversending til kommunal handsaming	November/desember 2025
Vedtak	Januar 2026

## 10. Evt. motsegn og klagar

Vestland fylkeskommune må få høve til å gi sine kommentarar til eventuelle motsegn/klagar før kommunen handsamar motsegn/klage.

## 11. Fordeling av kostnader

<b>Utgifter til kunngjeringar</b>
Utgiftene til kunngjeringar om start av planarbeidet og kunngjeringar om utlegging av planutkastet til offentleg ettersyn blir dekt av den etat som kunngjer.
Kommunen dekker utgiftene til kunngjering om vedtatt plan.
<b>Utgifter til kulturminneregistreringar</b>
Som tiltakshavar dekker Vestland fylkeskommune utgifter til nødvendige kulturminneregistreringar gjort av fylkeskommunen.
<b>Andre utgifter</b>
Den av partane som kallar inn til, og arrangerer nødvendige møte som del av planprosessen dekker kostnadene med leige av lokale og eventuell servering, om ikkje anna blir avtalt.

## 12. Anna

Kva dokument og på kva format/malar skal plandokument leverast til kommunen?  
Plandokument blir levert til kommunen på pdf, og i originalformat ved behov. Sosi-fil blir overlevert i tråd med krava i Plan- og bygningslova.

Adresseliste, kven har ansvaret for adresseliste til grunneigarar og til lag/organisasjonar?  
Solund kommune sender oss ei adresseliste over aktuelle lag og organisasjonar for arbeid på strekninga.

Vestland fylkeskommune har ansvar for adresseliste.

Samarbeid med landbrukssetat/grunneigarar. Vurderer eige møte i samband med informasjonsmøtet. Solund kommune sender oversikt over aktuelle eigedomar.

**Referatet vil bli lagra i Vestland fylkeskommune sitt arkivsystem og kommunale arkivsystem etter at det er godkjent, og er da ein avtale mellom Vestland fylkeskommune og Solund kommune om gjennomføring av planarbeidet.**